




Paleobotanisk rapport fra
Avdeling for naturhistorie, Universitetsmuseet, Universitetet i Bergen



Ingvild K. Mehl

Makrofossilanalysar frå
to romartidshus i Vik,
gnr./bnr 4/110,
Lægreid, Eidfjord
kommune, Hordaland

Id 128853

Nr. 6 - 2018

Innhold:

Innleiing:	s. 3
Undersøkjingsområde og feltarbeid:	s. 3
Laboratoriemetodar:	s. 4
Resultat:	s. 6
Diskusjon og samanfatning:	s. 10
Litteratur:	s. 11
Appendiks	s. 11

Innleiing

Etter vedtak om omregulering av landbruksareal til bustadføre mål og næringsbygg, registrerte Hordaland Fylkeskommune fleire kulturhistoriske lokalitetar på Læg Reid i Eidfjord kommune, Hordaland. Fornminneseksjonen ved Universitetsmuseet, Universitetet i Bergen gjennomførte i etterkant grundigare arkeologiske undersøkingar for å dokumentera den førhistoriske aktiviteten. For å undersøka vegetasjonshistoria og bruk av planter attende i tid, vart det samla inn prøvar til botaniske analysar.

Undersøkjingsområde og feltarbeid

Tettstaden Eidfjord ligg i Eidfjord kommune ved Hardangerfjorden (fig. 1). Bygda er omkransa av bratte og høge fjell, men med fjorden på vestsida. På austsida kjem ein til Hardangervidda-plataet. I Eidfjord er det to morene-terrassar, Hæ Reid som ligg på nordsida av elva Eio, og Læg Reid som ligg på sørsida av Eio. Terrassane vart danna under siste istid, og er lagdelte og samansette av stein, sand og grus (Helland-Hansen 2004).

Frå før er det gjort relativt få vegetasjonshistoriske undersøkingar i Hardanger. Dette kjem av at det er brattlend langsmed fjorden, slik at det er få innsjøar og myrer eigna for pollenanalyse. Dei fleste vegetasjonshistoriske undersøkingane er gjort ved arkeologiske kontekstar; i Øvre Eidfjord (Kaland 1995), ved Flatebø i Kvinnherad (Halvorsen og Hjelle 2007), Sævarhagen i Herand (Halvorsen, Mehl og Overland 2017; Mehl og Hjelle 2016), Mikkjelsflaten i Øystese (Overland og Halvorsen 2013), Øvre Øystese i Kvam (Overland 2014), Bjølsegrøvassdraget i Ålvik (Overland 2000), Øvre Vassenden i Granvin (Halvorsen 2007), Hollve i Granvin (Halvorsen 2013) og Segelgjerde i Ullensvang (Hjelle og Overland 2001). Desse dokumenterer at det har vore busetnad av menneske langsmed Hardangerfjorden frå yngre steinalder og fram til i dag.



Fig. 1 Kart over Eidfjord som viser lok. 1 der mellom anna hus A og C vart funne (kartgrunnlag: norgeskart.no)

Paleobotanikarar ved Universitetsmuseet, Lene S. Halvorsen og Anette Overland var på synfaring på lokaliteten, medan makrofossilprøvar vart samla inn av arkeologane. Det er gjort makrofossilanalysar av materiale frå utvalde stolpehol, eldstad, ovn og eit mogleg golvlag i frå to ulike treskipa hus, der baa hus er daterte til romartid (Ulvik og Diinhoff 2018).

Laboratoriemetodar

Makrofossilanalyse

148 prøvar vart sende til paleobotanisk avdeling (Appendiks). Av desse vart 41 prøvar silte igjennom sikter med maskestorleik 1, 0.5 og 0.25 mm og deretter flotterte for å fjerna minerogent materiale i frå prøven. Materialet i frå 1 og 0.5 mm fraksjonane vart analyserte. Dette er hovudsakleg gjort av underteikna, men med hjelp til identifisering av somme frø av Anette Overland og Lene S. Halvorsen. Resultata er plotta ved hjelp av programmet CORE 2.0 (Kaland og Natvig 1993) (fig. 4 og 5). Innhaldet av trekol i ein prøve er rekna ut av totalvolumet av prøven før siling.



Fig. 2 Biletet viser stolpehola til hus A (foto: Anette Overland).

Tabell 1: Analyserte makrofossilprøver
frå hus A

Makrofossilprøver		
Katalognr.	VP-nr	Strukturnr.
17512	77	576
17513	76	576
17514	75	811
17515	73	1006
17516	74	1006
17517	70	1033
17518	71	1164
17519	80	1786
17520	79	1786
17521	99	1191
17522	100	1191
17523	67	1176
17524	66	1176
17525	98	7871
17526	81	8026
17527	82	4555
17528	65	1288
17529	63	1663
17530	62	1663
17531	64	1590
17532	61	4567
17533	78	676
17599	202	2304
17600	203	1082

Tabell 2: Analyserte makrofossilprøver
frå hus C

Makrofossilprøver		
Katalognr.	VP-nr	Strukturnr.
17608	214	16200
17616	543	12636
17617	544	14677
17618	545	15745
17619	546	14579
17620	547	12323
17621	548	14266
17623	551	12978
17624	552	16595
17625	553	15001
17626	554	16762
17627	555	14787
17628	556	14627
17629	557	14766
17630	558	12155
17631	559	12087
17633	751	12087



Fig. 3 Biletet viser stolpehola til hus C (foto: Anette Overland).

Resultat

Makrofossilanalyse

Husa på Lægreid-terrassen er bygde oppå morenemassar og mykje av prøvematerialet i frå stolpehola inneheldt difor mykje sand og grus. Dette gjev dårlege tilhøve for preservering av makrofossilar. Prøvestorleiken særleg frå hus A var liten (2.5-4 dl), noko som vanlegvis gjev låg representasjon av fossile planterestar. Det forkola materialet representerer gamalt materiale, truleg i frå romartid, medan det uforkola truleg representerer dagens vegetasjon. Under gjennomgang av funn omtalast difor ikkje dei uforkola.

Hus A

Hus A ligg lengst sør, og makrofossilar i frå 15 stolpehol (takberande), eitt mogleg golvlag lag og to prøvar frå sentraleldstaden er analyserte. Resultata er viste i figur 4, der nordenden av huset med eldstad er plotta øvst i diagrammet, mogleg golvlag og sørenden under.

I sørlegaste del av huset er det funne svært få forkola frø, berre meldestokk i eit par prøvar. Elles er det noko trekolbitar i nokre av prøvane.

Frå prøven K-17525 som er tolka som eit mogleg golvlag vart det ikkje funne forkola materiale, berre ein del trekol.

Frå eldstaden vart det funne særleg mykje trekolbitar og mange små beinfragment i prøve K-17599. I denne prøven vart det også funne eitt frø frå korn, truleg bygg (cf. *Hordeum*). Elles er det funne forkola frø frå krekling (*Empetrum*), gras (Poaceae), meldestokk (*Chenopodium album*), småsyre (*Rumex acetosella*), høymole (*Rumex longifolius*) og grasstjerneblom (*Stellaria graminea*).

I nordlegaste del av huset er det funne fleire forkola frø, der det stort sett er meldestokk som er funne, og elles berre få funn av frytle, gras og grasstjerneblom. Det er varierende mengder trekol, men det ser ut til å vera noko meir trekolbitar i nordenden enn i sørenden av huset.

Hus C

Hus C ligg lengst mot nord på Læg Reidterrassen og her er analysert makrofossilprøvar frå ein ovn og 16 stolpehol (fig. 5).

I sørlege halvdel av huset er det svært få funn av forkola materiale, berre nokre få frø i frå meldestokk. Det er berre funne trekolbitar i ein prøve. Såleis skiljer midtre og nordlege del av huset seg i frå sørenden ved at det er funne ein del meir forkola materiale.

I midtre og nordlege del er det funne hønsegrasfrø (*Persicaria maculosa*), frø frå nellikplante (Caryophyllaceae) og meldestokk. I den eine prøven (K-17630) er det funne ein del forkola nøtteskalfragment frå hassel og også små beinfragment. Slik som i hus A er det også her varierende mengder trekolbitar, men ein god del meir i nordlege halvdel av huset enn i sørlege del.

HUS A, Vik, Lægreid, Eidfjord, Hordaland
Makrofossildiagram




Fig. 4 Makrofossildiagram frå hus A

HUS C, Vik, Lægneid, Eidfjord, Hordaland
Makrofossildiagram




Fig. 5 Makrofossildiagram frå hus C.

Diskusjon og samanfating

Det vart dessverre funne få forkola makrofossilar i prøvane, og nokre av årsakene til dette er truleg dårlege oppbevaringstilhøve og liten prøvestorleik. På trass av dette kan ein jamvel spora eit aktivitetsmønster i båe hus. Det er generelt funne meir frø og trekolbitar i midtre og nordlege del av begge hus, som støttar opp om at den nordlege delen vart brukt til bustad og den sørlege delen til fjøs/stall (Ulvik og Diinhoff 2018). Forkola makrofossilar som er funne i nordlege del er samansett av ugrasfrø som meldestokk, hønsegras, høymole og grasstjerneblom. Og i frå eldstaden som ligg i nordlege del av hus A vart det funne forkola korn frå truleg bygg. Ein kan ikkje stadfesta noko korndyrking på staden på grunnlag av eitt enkeltfunn av korn, men at det vart dyrka i nærleiken er sannsynleg. Lokal dyrking dokumenterast også frå dei vegetasjonshistoriske undersøkingane på Vardbergshaugen i Øvre Eidfjord der det vart registrert pollen frå bygg i frå yngre bronsealder/førromersk jernalder (Kaland 1995).

Litteratur

Halvorsen LS (2007) Paleobotanisk undersøkelse ved Seim, Øvre Vassenden, Granvin. Paleobotanisk rapport nr. 8-2007 fra Bergen Museum, Botanisk avdeling, Universitetet i Bergen.

Halvorsen LS (2013) Vegetasjonshistorisk undersøkelse av sjakter på Hollve. Hollve gbnr. 96/2. Granvin kommune, Hordaland. Paleobotanisk rapport 15-2013 fra de naturhistoriske samlinger, Universitetsmuseet i Bergen, Universitetet i Bergen.

Halvorsen LS, Hjelle KL (2007) Pollenanalytiske undersøkelser av jordprofiler fra Flatebø, Kvinnherad, Hordaland. Paleobotanisk rapport nr. 2-2007 fra Bergen Museum, Botanisk avdeling, Universitetet i Bergen.

Halvorsen LS, Mehl IK, Overland A (2017) Vegetasjonshistoriske undersøkelser på Sævarhagen gbnr. 3/5, Herand, Jondal kommune, Hordaland. Askeladden ID 214800. Paleobotanisk rapport 6-2017 fra de naturhistoriske samlinger, Universitetsmuseet i Bergen, Universitetet i Bergen.

Helland-Hansen W (2004) Naturhistorisk vegbok Hordaland. Bergen Museum – Nord 4. s. 516.

Hjelle KL, Overland A (2001) Pollenanalytisk undersøkelse av forhistoriske kulturlag, Segelgjerde, Ullensvang kommune. Paleobotanisk rapport fra Bergen Museum, Botanisk avdeling, Universitetet i Bergen.

Kaland A (1995) Vegetasjons- og bassengutvikling på Vardbergshaugen, Øvre Eidfjord, Hordaland. Cand. Scient. Oppgave i vegetasjonshistorie. Botanisk institutt, Universitetet i Bergen.

Kaland PE, Natvig Ø (1993) CORE 2.0. Unpublished computer program for stratigraphical data. University of Bergen, Norway.

Mehl IK, Hjelle KL (2016) From deciduous landscape to open landscape: application of new approaches to help understand cultural landscape development in western Norway. *Vegetation History and Archaeobotany* 25, 153–176.

Overland A (2000) Vegetasjonshistoriske undersøkelser I Bjølsegrøvassdraget, Kvam herad. Paleobotanisk rapport fra Bergen Museum, Botanisk avdeling, Universitetet i Bergen.

Overland A (2014) Pollenanalyser av dyrkningslag og makrofossilanalyser av hustuft I Øvre Øystese, Kvam, Hordaland. Ask. Id 143972 og 143973. Paleobotanisk rapport 6-2014 fra de naturhistoriske samlinger, Universitetsmuseet i Bergen, Universitetet i Bergen.

Overland A, Halvorsen LS (2013) Paleobotaniske analyser fra Mikkjelsflaten, Øystese, Kvam herad, Hordaland. Ask. ID 97437. Paleobotanisk rapport 11-2013 fra de naturhistoriske samlinger, Universitetsmuseet i Bergen, Universitetet i Bergen.

Ulvik OA, Diinhoff A (2018) Arkeologiske undersøkelser på Lægreidterrassen. Frigivningsundersøkelser ved Vik Gnr/Bnr 4/110, og Lægreid Gnr/Bnr 5/96, Eidfjord, Eidfjord kommune.

Appendiks

Lokaliteten er gjeven botanisk BI-nr. 1018, og makrofossilprøvene er katalogiserte med katalognummer 17485–17633 i dei paleobotaniske samlingane.